Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24 | Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kvås

Emne: Måltider og mat. | Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestøl | Gard: /

(adresse): Førland, Kvinesdal | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og etter gamle folk.

SVAR

1. I eldre tider hadde ein 5 måltider om dagen. Morgonbiten, dåure, middag, non og kveld. No er det vanleg med 4, om sumaren også middagskaffe etter kvila, så då vert det 5.

Før åt ein morgonbiten svert tidleg, om sommeren kl 3-5, om vinteren kl. 6, dåure kl ½10, middag 12-13, non 16-17 og kveld i 20 tida.

No er det morgonsmat i ½8 tida, middag kl 11, ettermiddagsmat kl 15½ og kveld ikring kl 19½. Middagskaffe ½1 til 1.

3. Om vinteren var det ikkje vanleg å eta dugurd.

4. Noko ekstramål hev eg ikkje ein hadde.

5. Middagen var hovudmåltid heile året.

6. Bare eitt måltid med varm rett.

7. På søndagen var det vel oftast kjøtsupa, elles ingen fast regel.

8. Sumaren skunne kjøtsupa verta avbytt t.d. med auresupe.

9. Her i bygda var det nok mest kjøtdagar som skifte med ål, aure og anna ferskvatnsfisk.

4982

Av sjøfisk vart nytta noko salt sild, og ofte kjøpte ein ein fjerding mort og salta. Salt brisling vart og noko bruka.

10. No er det lite flatbrød som vert nytta. Før var det vanleg til all middag.

11. Ein matsetel kan ikkje setjast opp da det ikkje var reglar for slikt. Det ymsa etter som folk hadde råd til og tilgjenge til ymse slag middagsmat.

I eldre tid var det vanleg med flatbrød-bite til morgons, flatbrødsoll eller graut til dåure, kjøt eller fisk til middag, til non flatbrød att, og til kvelds graut eller flatbrødsoll. I summarvarmen var det og mange som hadde graut eller soll til middag.

12. No er det koffe og kjøpebrød eller omnsbrød til måla utanom middagen. Stundom graut til kvelds.

13. Skal noko vera nasjonalrett, så må det vera salt, turka saueribbe, steikt på glørne, - og komper.

14. Ein kjenner ikkje noko som vert ete andre staden og ikkje her.

15. Verdskrigen har ikkje endra noko ved kosthaldet i bygda.

Til slutt skal ein gjera merksam på at Kvås er ei bondebygd der flest alle er bønder, og dei har sålis lett for å skaffe seg kjøt o. a.

Koffe som dagleg drikk har vel vore bruka i dei siste 70 åra. Bruken av komfyr har nok ført med seg at ein har gått over til å bruke meir mjukt brød. Likeeins er

4982

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

korngrynskild i ok skarsteindane er
kasta ut og dermed bakstehella, så
dei fleste kan ikkje få baka flatbrød.
Dei nye matskikkane spreiddo seg
på fyrsten frå distriktslækjaren og
frå folk som hadde vore ute i
framande byar og bygder elles i
andre land.
Landhandlarane har gjort tilgangen
på kolonialvarer lettare og har difor
i nokon mun vore med på det
ombrøytet i kosthaldet som har
gjenge føre seg dei to siste manns-
aldrane.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 4982

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING